

NYNORSK MAL FOR:

FORSKRIFT OM FORSØK MED DIREKTE VAL AV ORDFØRAR I KOMMUNE FOR VALPERIODEN 2007–2011

Vedteken av _____ kommunestyre den _____ med heimel i Lov om forsøk i offentlig forvaltning 26. juni 1992 nr. 87.

Godkjend av Kommunal- og regionaldepartementet den _____ med heimel i § 5 i Lov om forsøk i offentlig forvaltning 26. juni 1992 nr. 87, jf. kgl. res. 11. desember 1992 nr. 1050.

Forholdet til kommunelov og vallov

§ 1 Forholdet til kommunelova

Ved forsøk med direkte val av ordførar skal føresegnene i lova av 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) gjelde så langt dei høver, og med dei unntaka, presiseringar, tilføyningar og/eller endringar som følgjer av desse vedtektene.

§ 2 Forholdet til vallova

Ved førebuing og gjennomføring av direkte val av ordførar, skal føresegnene om kommunestyreval i lov 28. juni 2002 nr. 57 (vallova) og forskrift om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valforskrifta) gjelde så langt dei høver, og med dei unntaka, presiseringar, tilføyningar og/eller endringar som følgjer av denne vedtekta.

Verkeområde

§ 3 Direkte val

Kommunelova § 9 nr. 1, 1. ledd, 1. setning gjeld ikkje med omsyn til ordførar. I staden gjeld dette:

Ordførar i _____ kommune skal veljast ved direkte val for valperioden 2007–2011. Valet skal skje samstundes med kommunestyrevalet i 2007.

Er det fleire enn to ordførarkandidatar, skal valet skje som preferanseval. Er det berre to kandidatar, skal valet gjennomførast som fleirtalsval, sjå § 10. Stiller det berre éin kandidat, kan forsøk med direkte val av ordførar ikkje gjennomførast. Valet skal i så fall gjennomførast etter dei allmenne reglane i kommunelova.

§ 4 Konstituerande møte i kommunestyret

Kommunelova § 17 nr. 1, 2. setning gjeld ikkje med omsyn til kven som kallar inn til konstituerande møte i det nyvalde kommunestyret. I staden gjeld dette: Den nyvalde ordføraren kallar inn til det konstituerande møtet i kommunestyret.

Kommunelova § 17 nr. 2, 1. setning gjeld ikkje med omsyn til val av ordførar.

Førebuing og gjennomføring av valet

§ 5 Røysterett og manntal

Føresegnene i vallova gjeld tilsvarende.

§ 6 Kven som kan veljast, fritak frå val

Vallova § 3-3 om kven som kan veljast, gjeld tilsvarende.

Vallova § 3-4 om fritak frå listeframlegg og val gjeld tilsvarende.

§ 7 Listeframlegg

Vallova § 6-3 gjeld ikkje. I staden gjeld dette:

Alle parti og grupper som stiller liste ved kommunestyrevalet, har rett til å nominere éin ordførarkandidat.

Framlegget frå partiet eller gruppa til ordførarkandidat skal leverast inn samstundes med listeframlegget til kommunestyrevalet.

Valforskrifta § 15 2. ledd, 1. setning gjeld ikkje. I staden gjeld dette:

Den tillitsvalde har rett til å føreslå ein ny kandidat dersom den opphavlege kandidaten til partiet eller gruppa ikkje er valfør eller blir innvilga fritak.

§ 8 Røystesetlar – preferanseval

Vallova § 7-1 gjeld ikkje. I staden gjeld dette:

Ved direkte val av ordførar sørgjer valstyret for at det til bruk for veljarane ved førehandsrøystegivinga og i vallokalet valdagen blir trykt ei tilstrekkeleg mengd med rosa røystesetlar for ordførarvalet.

Valforskrifta § 19 gjeld så langt ho høver og med dette tillegget:

Departementet utarbeider ein mal for røystesetel som skal nyttast ved direkte val av ordførar. Røystesetelen skal innehalde namna på ordførarkandidatane ved ei

alfabetisk opplisting etter etternamn. Forsøkskommunane skal sjølv ferdigstille og trykkje røystesetlar til eige bruk.

§ 9 Røystegiving i vallokalet – preferanseval

Føresegnene i vallova gjeld tilsvarande, og i tillegg gjeld dette:

Røystesetelen til ordførarvalet skal vere tilgjengeleg i vallokalet. Veljarane røystar ved at dei kan rangere inntil to ordførarkandidatar. Dette gjer dei ved at dei set merke bak namnet til den kandidaten dei helst ønskjer som ordførar, i kolonnen for "Førsteval".

Veljarane kan også rangere ein kandidat som sitt andreval. Dette gjer dei ved å setje merke bak namnet på kandidaten i kolonnen for "Andreval".

§ 10 Røystesetlar og røystegiving – fleirtalsval, jf. § 3 tredje ledd, andre punktum

Vallova § 7-1 gjeld ikkje. I staden gjeld dette:

Ved direkte val av ordførar sørgjer valstyret for at det til bruk for veljarane ved førehandsrøystegivinga og i vallokalet valdagen blir trykt ei tilstrekkeleg mengd med rosa røystesetlar med namn på dei to ordførarkandidatane i kommunen.

Valforskrifta § 19 gjeld ikkje. I staden gjeld dette:

Røystesetelen må klart vise kva val han gjeld for, og ha overskrifta «Ordførarkandidatar» på ei eiga linje. Røystesetelen skal vise ordførarkandidatane ved ei alfabetisk opplisting etter etternamn. Både fornamnet, etternamnet og fødselsåret til kandidaten og partiet eller gruppetilknyttinga skal gå fram av røystesetelen. Røystesetelen skal ha rettleiing for veljarane der det må gå fram korleis dei skal merkje av for den kandidaten dei ønskjer å røyste på.

§ 11 Førehandsrøystegivinga

Føresegnene i vallova og valforskrifta om førehandsrøystegiving utanfor eigen kommune gjeld så langt dei høver, med desse presiseringane:

Veljarar som førehandsrøystar utanfor den kommunen dei er manntalsførte i, må sjølv ta med seg røystesetel til ordførarvalet. Røystesetelen til ordførarvalet skal leggjast i den same røystesetelkonvolutten som dei legg røystesetlane til kommunestyre- og fylkestingsvalet.

§ 12 Røystegiving samstundes med kommunestyre- og fylkestingsvalet

Veljarar som ønskjer å røyste ved direkte val av ordførar, må gjere dette samstundes med kommunestyre- og fylkestingsvalet, anten dei røystar på førehand eller på valdagen.

Valoppgjer – røystelikskap og klage

§ 13 Godkjenning av røystegiving og røystesetlar

Vallova §§ 10-1, 10-2 og 10-3 gjeld så langt dei høver.

§ 14 Oppteljing

Møteboka og røystegivingar for ordførarvalet skal leverast direkte til valstyret for felles oppteljing. Røystesetlane kan teljast opp samstundes med røystesetlane for kommunestyre- og fylkestingsvalet, under føresetnad av at dette ikkje fører til at valoppgjeret for desse vala blir forseinka.

§ 15 Valoppgjeret ved preferanseval

Vallova kapittel 11 gjeld ikkje. I staden gjeld dette:

Ved valoppgjeret tel ein i første omgang berre dei som er rangerte som nummer ein (førsterøyster). Dersom ein kandidat har fått 50 % eller fleire av førsterøystene, er vedkommande vald. Dersom ingen får minst 50 % av dei godkjende røystene ved denne oppteljinga, eliminerer ein alle kandidatane bortsett frå dei to med flest førsterøyster. Røystesetlane til dei eliminerte kandidatane skal deretter teljast på nytt, denne gongen ut frå kor mange andrerøyster dei to kandidatane med flest førsterøyster har fått. Den som får flest røyster når ein legg saman alle førsterøystene og alle andrerøystene, er vald.

Dersom to kandidatar har fått like mange røyster etter oppteljinga, er den vald som har flest førsterøyster. Har dei også fått like mange førsterøyster, avgjer ein valet ved loddtrekking.

§ 16 Valoppgjeret ved fleirtalsval

Vallova kapittel 12 gjeld ikkje.

Valstyret sørgjer for valoppgjer for ordførarvalet på denne måten:

Den kandidaten som har fått flest røyster, er vald til ordførar i kommunen.

Dersom to kandidatar har fått like mange røyster, gjeld dei allmenne føresegnene i kommunelova om loddtrekking.

§ 17 Møtebok

Vallova § 10-7 gjeld ikkje. I staden gjeld dette:

Valmyndighetene skal føre møtebok i samband med ordførarvalet. Møteboka skal førast i samsvar med protokoll fastsett av departementet.

§ 18 Klage

Vallova § 13-2 gjeld ikkje.

Ein kan klage på forhold ved førebuinga og gjennomføringa av ordførarvalet til valstyret. Avgjerda i valstyret er endeleg. Klagerett har alle dei som er røysteføre i vedkommande kommune. Ein må fremje klaga innan 7 dagar etter valdagen.

§ 19 Ugjeldig val – omval

Føresegnene i vallova gjeld tilsvarande, likevel slik at eit eventuelt omval skjer etter reglane i kommunelova.

Ordføraren sin plass i kommunestyret og formannskapet.

Fråtreiding

§ 20 Ordføraren sin plass i kommunestyret

Ein direkte vald ordførar i ein kommune tek automatisk sete i kommunestyret på kvoten til partiet sitt eller gruppa si. Dersom vedkommande parti eller gruppe står utan rett til plass i kommunestyret, skal den siste plassen i kommunestyret fordelast til ordføraren.

§ 21 Ordføraren sin plass i formannskapet

Ein direkte vald ordførar i ein kommune tek automatisk sete i formannskapet på kvoten til partiet sitt eller gruppa si. Dersom vedkommande parti eller gruppe står utan rett til plass i formannskapet, skal den siste plassen i formannskapet fordelast til ordføraren.

§ 22 Fråtreiding i perioden

Føresegna i § 15 i kommunelova om fritak og fråtreiding i perioden gjeld tilsvarande.

§ 23 Iverksetjing og varigheit

Denne forskrifta tek til å gjelde med ein gong og gjeld ved lokalvalet i 2007, og for inneverande valperiode gjeld forskrifta i høve til den valde ordføraren til det konstituerande møtet for neste valperiode er halde, men i alle fall ikkje lenger enn til 30.10.2011.